



# Årsmøte i Åseral idrettslag

Måndag 04. april kl. 19:30, Gamle gymsal

## Saksliste:

1. Godkjenning av sakliste og innkalling
2. Val av dirigent og referent
3. Val av to personar til å skrive under møteprotokollen
4. Årsmelding 2021
5. Rekneskap 2021
6. Kontingent
7. Budsjett 2022
8. Val

Åseral, mars 2022

Kari Røynlid (sign.)

Kai-Tore Øyulvstad (sign.)

Ingvild Foss Forgard (sign.)

Olav Engeli (sign.)

Ketil Løkås (sign)

## **SAKSLISTE:**

### **1. Godkjenning av saksliste og innkalling**

### **2. Val av dirigent og referent**

### **3. Val av to personar til å skrive under møteprotokollen**

### **4. Årsmelding 2021**

Styret dette året har vore:

- Kari Røyndid (leiar)
- Kai-Tore Øyulvstad (nestleiar)
- Ingvild Foss Forgard (kasserar)
- Olav Engeli
- Ketil Løkås.

Leiarar for undergruppene Kristine Forgard (leiar sommargruppa), Svein Åsland (leiar fotballgruppa), Eva Åsland (treningscenter), Anstein Mykland (skiskyting) og Gunvor Ljosland (leiar hallgruppa) har moglegheit til å delta på styremøtene.

Styret har i 2021 hatt 7 møte, inkludert årsmøtet.

#### Aktivitetar 2021:

Smittevern har det vore mykje arbeid med og dette året, men heldigvis har aktiviteten stort sett kunne haldast som normalt.

Det har vore jobba mykje med å få gjennomslag for bygging av nytt stadionbygg. Det vart nedsatt ei eiga arbeidsgruppe, og det var svært positivt at kommunen vedtok bygging i budsjettet.

Leiar har delteke på nokre møte i Frivilligsentralen og elles hatt møte i idrettsrådet.

#### LOS-fond

Åseral idrettslag fekk 60 000,- i tilskot frå LOS-fondet til innkjøp av våpen til skiskyting samt aktivitet. Dette var svært moro!

#### Samarbeidsavtaler og sponsorar

Åseral idrettslag har inngått samarbeidsavtale med Macron.

Nye fotballdrakter og trenerklede er kjøpt inn.

Det er og produsert nye hettegenserar med logo av våre sponsorar. I tillegg er det kjøpt inn drikkeflasker med ÅIL-logo.

Det blir jobba godt og aktivt med å få tak i nye sponsorar.

### Samarbeidsavtale med Intersport Evje:

Åseral idrettslag har samarbeidsavtale med Intersport Evje AS. Medlemmar får dermed rabatt på diverse sportsartiklar på Intersport Evje. Medlemskort må framvisast ved slike rabatterte kjøp. I tillegg får medlemmar 15 % på varer hos Løplabbet. Medlemskort lastar du ned i Min Idrett.

### Heimeside/Facebook

Me jobbar heile tida for at heimesida til ei kvar tid skal ha oppdatert og relevant informasjon. Styret og undergruppene har ansvar for å publisere sine ting.

Dersom du som brukar saknar informasjon, så ta kontakt med oss. Følg oss også på Facebook, for enkel, tilgjengeleg og rask informasjonskanal.

### Grasrotandelen:

Åseral idrettslag er registrert i Frivillighetsregisteret og deltek dermed i Grasrotandelen. Det totale genererte beløpet i løpet av året 2021 vart kr. 51 780,30-.

### Politiattest:

Trenarar, instruktørar og lagleiarar med eit tillits- eller ansvarsforhold overfor mindreårige eller menneske med utviklingshemming er pliktig til å innhente og framvise politiattest. Gruppleiarane har ansvar for å sjekke at dette blir gjort når nye trenarar byrjar. Kai-Tore Øyulvstad har i 2021 administrert ordninga.

### Takk:

Åseral idrettslag vil takke trenarane og leiarane i dei ulike aktivitetane, alle som har delteke på dugnad av ulik slag, badevakter og ikkje minst alle deltakarane som stiller opp på våre treningar og arrangement.

## Årsmelding treningscentergruppa.

Eit år i ein pandemi på treningscenteret.

2021 byrja og enda med vask og spriting. Takka vere gode folk i vaktmeistergruppa og kontorvakta på måndager, har me halde centeret godt reint og i orden etter nasjonale og kommunale forskrifter.

Centeret er prega av ein positiv og god atmosfære der bygdefolk kan nytta gode tilbod og apparat til å halde seg i god form, saman eller aleine. Me er svært stolte over å ha eit så fint styrkerom/treningscenter i kommunen vår.

Me har kjøpt inn litt ulike trenings supplement, både brukte og nye, samt fått inn nye speglar og racksett med manualer i gamalt fysio rom.

Det er halden to introkurs for ungdommar hausten 21 v/Kristine og Ann-Kristin (verbal applaus 😊😊) Introkurs for eldre brukarar er utsett til 2022. Det same gjeld for organsiert spinning.

Crossfit kurs med ekstern kurshalder er og`blitt utsett til februar 2022 pga korona restriksjonar.

Me er heldige som har ein hendig vaktmester i gruppa vår, og takka vere Rune Andreas Aasland, har senteret blitt rigga og ting er blitt fiksa fort og enkelt!

Antall brukarar har og`auka i 2021, noko som er svært gledelig!

Takk til alle som brukar senteret som er gode ambassadører til nye brukarar😊 Me ser fram til eit nytt år med gode og spanande tilbod for DEG som trenar i Åseral Treningssenter!

Eva Haugland Åsland

Leiar treningssentergruppa

## Årsmelding Åseral IL Skiskyting 2021

Nystartet gruppe.

Mål:

- Rekruttere nye utøvere til skiskyting som har en eller annen knytning til Åseral/Bortelid.
- Organisere aktiviteten i ski og skiskytteranlegget i Bortelid som klubben eier.

Skiskytterskolen for nye utøvere og foresatte ble arrangert i oktober. 7 barn og 8 foresatte fullførte kurset som følger Norges Skiskytterforbund sin metode. Kurset har sikkerhetsdel og kvalifiserer utøvere til å starte i organisert skiskyting hos klubber tilsluttet NSSF. Det kvalifiserer også foresatte til å søke om våpenervelse. Deltakerne kom fra Kristiansand og Lyngdal.

Det har også blitt opprettet en facebookside Skiskyting Bortelid og det har vært arrangert åpne trening i høst og vinter.

Det har ikke vært arrangert skiskytter konkurranse eller terminfestet langrenn i Bortelid denne vinteren. Dette pga meget gode snøforhold langs kysten. Nært sagt alle renn har gått som planlagt. 26 mars satser vi på å arrangere Bortelid skifestival.

Anstein Mykland

## Årsmelding for vintergruppa 2021

Sesongen 2020/2021 var utfordrende for vintergruppa. Det var vanskelig å få folk til å være med, og vårsesongen 21 ble gjennomført med kun 2 representanter i gruppa, Siw Stray Linjord og Erik Wold. Det lykkes heller ikke å få på plass en gruppeleder. Dette medførte at vintergruppa låg til dels brakk denne perioden. Covid-restriksjoner sørget også for at det ikke var mulig å gjennomføre karusellrenn de første par månedene.

Når muligheten for å gjennomføre renn åpnet seg i mars/april ble det sendt ut spørsmål til flere om å bidra, og Grethe Berås og Jan Oddvar Lineikro sa seg villig til å hjelpe til. Det ble gjennomført 3 renn i lysløypa i bygda med godt oppmøte.

På grunn av restriksjoner ble det heller ikke mulig å gjennomføre ordinær premieutdeling for karusellrenn og klubbmesterskap, så premiene ble delt ut til hver enkelt av medlemmer i vintergruppa.

Utover dette ble det ikke utført andre aktiviteter i vintergruppa i 2020.

Norunn Tveit, leder vintergruppa



# Årsmelding for fotballen i Åseral Idrettslag 2021

Fotballen i Åseral har i 2021 hatt ca. 50 spillere fordelt på 4 lag – micro, mini, lille og gutte-15. I tillegg til at vi har både voksen- og oldboys-treninger.

Året starta med at det ikke var lov å spille kamper på tvers av kommunene på grunn av korona. Derfor var første del av året kun treninger og også noen interne treningskamper etter hvert. I begynnelsen av juni kunne vi starte opp bygdeserien, som resulterte i 3 kamper for hvert av lagene før det var sommerferie.

Etter ferien gikk alt som normalt. Da rakk vi 5-6 kamper i bygdeserien. Da kunne også voksne begynne å trene igjen sammen. Ingen av lagene deltok på noen cuper, siden alle cupene vi pleier å være med på er på våren.

Engasjementet til ungene har vært stort, etter at de ikke fikk trene og spille kamper til å begynne med. Spilleleden og innsatsen har vært svært god, og frafallet har vært minimalt. Noe vi er svært glade for.

Til tross for Covid- 19 har vi fått til å igjen arrangere Fotballskolen som tidligere år.

Fra høsten 2021 måtte G15-laget legge ned på grunn av at flere var for gamle til å med og der kom ikke nok nye spillere inn. Men de har mulighet til å trene rett etter skolen en dag i uka.

Når det gjelder voksentreningene, så har det dessverre aldri blitt noen oppstart igjen. Det er for vanskelig å få i gang folk igjen etter at der blir treningsstopp. Allikevel har det vært veldig godt oppmøte på oldboys- treningene. De har hatt i snitt 8-10 stk på treningene, etter at de fikk lov å starte opp igjen litt etter sommerferien.

Treningene for ungene i micro, mini og lille har nå startet opp igjen, og vi håper det skal bli en litt mer komplett sesong i år. Planen er at alle lag skal spille i Bygdeserien, og at de skal meldes på cuper. Cupene vi har tradisjon å med på er Byremocup, Europriscup (Evje) og Tingcupen (Hægebostad).

**Årsberetning fra de ulike lagene:**

## Årsmelding Microputt

Noe varierende gjennom sesongen men vi var opptil 13 spillere ganske jevnt fordelt mellom 1. og 2. klasse. 9 gutar og 4 jenter.

Me spelte alle kampene som ble gjennomført etter gjenåpninga. Det ble ganske mange fleire bortekamper enn hjemmekamper og da mye kjøring. Likevel var laget alltid positive og gjorde ein super innsats i alle kampene. Dei viste god lagmoral og oppførte seg eksemplarisk mot dei andre laga. Noe utfordrende at motstandarane/ dommarane ikkje alltid følger anbefalte regler med pressoner og andre regler tilpassa aldersgruppa da laget hadde øvd mye på dette.

Microputt-laget hadde en trening i uka fra November frem til bygdeserien startet opp. Etter dette var det bare kamp hver uke.

Trenere: Knut Fosse og Thomas Repstad



## **Årsmelding Miniputt**

Deltok på dei kampane som bygdeserien hadde. Me hadde to lag, mini 1 og mini 2. Me trente 1.5 timar i veka. Veldig godt oppmøte på treningane og stort engasjement både på kampar og treningar. Me var 15 spelarar, nokre falt av på slutten.

Trenere: Tone Astrid Flodquist og Martijn van Rooij





## Årsmelding Lilleputt

Lilleputt-laget var cirka 16 stk på det meste, fordelt på 5.-7. klasse. Vi hadde akkurat ikke nok spillere til å kunne stille to lag, da det er snakk om 7er fotball og enn er avhengig av å ha noen ekstra spillere som innbytter på hvert lag. Det resulterte i at vi ble ganske mange innbyttere på hver kamp, men det gikk fint. Alle sammen var motiverte og leverte en formidabel innsats. Det ble vel cirka 9 kamper vi fikk spille etter gjenåpninga.

Vi hadde to treninger i uka på 1 og 1,5 timer. Når kampene startet opp, hadde vi ei trening og en kamp i uka. På grunn av at alle cupene på våren ble avlyst, så ble det ingen cuper på oss dette året.

Trenere: Sven Haraldstad og Svein Åsland





## Årsmelding Gutter-15

- 10 spelarar. 4 jenter og 6 gutar 13, 14 og 15 åringar.
- Deltok på kampar i serien som kunne spelast
- alltid stort engasjement, god lagånd, topp humør. Ingenting passar betre enn tap og (vinn) med same sinn...
- skryt frå bylaga at dei merka at spelarane hadde det gøy og ein himla god innsats uansett ver og resultat
- spelarane individuelt og laget hadde ei svært god utvikling gjennom sesongen.
- to treningar i veka



## **Fotballskolen**

Det har vært ei fartsfylt helg fra ende til annen i solsteiken. 100 deltakere i alderen 6-12 år fordelt på 6 forskjellige grupper fra yngst til eldst. 15 dyktige instruktører fra 14 år og oppover. Instruktørene har gjort en strålende innsats og har hatt et intenst skjema å følge. Er ikke alltid så lett å aktivisere 6-7 åringer i så mange timer i strekk, men det klarte de med terningkast seks.

Fotballskolen blir arrangert av fotballgruppa til Åseral IL, med 6 medlemmer og Reneè Stanes i spissen. Reneè har ledet fotballskolen nå siden den startet opp for 8 år siden. Uten ho hadde det ikke vært noen fotballskole i Åseral, så all honnør for at ho orker å fortsette år etter år. Vi har også hatt hjelp til kjøkkentjeneste av cirka 5 stk hver av dagene. Vi er glade for alle som ville med å bidra.

Nå hadde det seg sånn at fotballskolen i år ble helt full for første gang noensinne. Vi hadde også mellom 40 og 50 stk på venteliste. Det gjorde vondt i fotballhertet vårt for alle vi ikke kunne gi plass. Men vi håper til neste år å kanskje kunne utvide antallet enda litt mer. Men det krever en del ekstra planlegging og generelt vil det kreve mye mer. Derfor er det nødvendig med enda mange flere frivillige til å bidra også til neste år. Vi kommer nok til å sette opp vaktlister, for å kunne dele litt mer på oppgaver.

Hvordan fotballskolen 2021 foregikk:

Det begynte med oppmøte og gruppeinndeling klokka 15.00 på fredag 25.juni. Spillerne fikk utdelt hver sin sekk, t-skjorte, ball og drikkeflaske. Så ble det et par timer med forskjellige fotballøvelser fram til klokka 18.00.

Lørdagen begynte med strålende sol. Fotballøvelser og interne kamper foregikk det meste av dagen med avbrekk av en lunsj-pause i kantina fra 11.40 og puljevis etter det. Etter lunsj fikk alle hver sin is. Når isen var spist kunne de som ville løpe gjennom å dusje seg i vannspruten fra en brannslange. Vi fant ut de trengte å få kjølt seg litt ekstra, da det var så varmt. Ut på ettermiddagen kom der ei tordenbyge over oss. Noen av de minste ble litt redde. Men det gikk greit, selv om tordenbyga brukte litt tid på å passere flotte Åseral idrettspark.

På søndag startet vi med forskjellige øvelser igjen. Midt på dagen hadde vi invitert foreldre og familie av deltakerne på pølsefest. Etter pølsene var fordøyd var det klart for turnering. Vår alles kjære Jan Oddvar Lineikro stilte som speaker og lagde ei voldsom stemning på stadion. Vi regner med det var mellom 300 og 400 stk innom denne dagen. Arrangert etter alle korona-regler, der alle ble registrert og måtte sprite hender ved inngangen. Tureringa gikk veldig fint for seg med mye fin fotball og scoringer. Fotballbanen var delt opp i to 5er baner og to 7er baner, altså 4 kamper foregikk samtidig. Lagene gikk fra en kamp til neste kamp, mens instruktørene gikk fra å være trener til å være dommer. Så med andre ord fikk de det ganske hektisk en periode. Men alt i alt var alle veldig fornøyde og sitter igjen med en veldig god følelse av å ha lagd ei fantastisk minnerik helg for 100 storfornøyde barn.

En STOR TAKK til alle som har bidratt med det ene og det andre denne helga!









## **Fotballavslutningsfest**

Etter endt sesong ble det arrangert fotballavslutningsfest for mini, micro, lille og G15. Dette er en tradisjon vi har fått til i alle fall i 5 år nå. Den har blitt utvidet med mer og mer innhold for hvert år.

Programmet starter med ei turnering med blanda lag, delt i to aldersgrupper. 6-10 år og 11-15 år cirka. Denne varte nesten 3 timer. Da ble det også tid til kamper mellom trenerene og lilleputt og mellom trenerene og G15 på slutten. Vi rigget scenen med masse stoler, sånn at de som hadde pause, søsken og foreldre kunne sitte der å se på andre kamper. Speaker og musikk var der også, så der var ikke noe å si på stemninga.

Etter turneringa samlet alle seg i kantina, for å spise pizza, brus, kake og kaffe. Etter mat hadde vi sammendrag av året som hadde vært fra alle lagene, i tillegg til premieutdeling og litt lagbilder. Alle fikk hver sin pokal i premie. Så hadde vi litt info og planlegging av neste år. For første gang, kunne vi presentere alle trenere for neste sesong allerede på denne festen. Vi er heldige som har så mange som er positive og tar på seg ansvaret det er å trene et lag hver uke gjennom et helt år.

## **Voksen- og Old boys-fotball**

Voksen-treningene har det dessverre ikke blitt noe av i fjor på grunn av at det er vanskelig å få i gang igjen folk etter alle covid-nedstengingene.

Men oldboysene har det vært mer futt i. De har vært stabilt 8-10 stk på treningene helt siden gjenåpninga etter sommerferien. Denne treninga er det stort sett menn som er med på, men damer er også hjertelig velkommen. Aldersgrensa er for alle over 30 år, selv om de som nærmer seg alderen også har fått lov til å med. Det trenes en kveld i uka, cirka 1,5 time.

Ansvarlige: Arild Forgard og Svein Åsland



## Fotballgruppa

Fotballgruppa består av 5+1 medlemmer, Svein Åsland, Tone Astrid Flodquist, Grethe Berås, Evaldas Sugintas og Camilla Abelseth Thorsland. Det ekstra medlemmet er Renee Stanes som i år er ute av gruppa, men allikevel fortsatt er leder for fotballskolen.

Gruppa vår har møter cirka annenhver måned i snitt, oftere når det nærmer seg fotballskole. Ellers tar vi mye kommunikasjon på chat. Vi har med alt som har med fotball i Åseral å gjøre, inkludert bygdeserien, fotballskolen, cuper, fotballavslutningsfest, organisering av dommere, trenere, kiosk osv...

-Årsmelding utarbeidet av Fotballgruppa v/Svein Åsland

## ÅRSMELDING – HALLGRUPPA

Hall-gruppa har sidan årsmøte hatt desse medlemmane: Eva Wold, Nina Ludvig, Kari Anne Fosse og Gunvor Ljosland.

Hallgruppa sine ansvarsområde er Allidrett (Barneidrett), Måndagstrim og Fredagsbading.

**Måndagstrimmen** (som den i seinare tid har blitt kalla) er for jenter frå 10 klasse og oppover, har halde treninga i gang heile 2021.

Me har teke hensyn til koronarestriksjonar og halde treninga utomhus der ein god gjeng har vore med og bidrege til at vika får ein god start med trening og frisk luft.

Når tiltaka har opna opp for at me kan trene innendørs har me likevel valgt å vere ute dei dagane det ikkje stormar ute.

Me har eit fantastisk flott uteområde ved hall og skule me kan nytta til dette formålet!!

Takk til alle som møter og takk til Kristine og Ann Kristin som gjer at me er eit godt trekløver som bytter på å trene dei spreke trimjenton me har i Åseral.

(Eva Haugland Åsland – kontaktperson Måndagstrim)

**Allidrett (tidlegare Barneidrett):** Det har vore Allidrett for barnehageborn hausten 2021. Oppmøtet er stort sett godt og stemninga god. Me arrangerte kurs for aktivitetsleiarar i haust. Dette gjorde me for å få opp interessa og kompetansen til å leie allidretten. Oppmøte var heller dårleg med kun fire påmelde. Hallgruppa ynskjer å kome i gong med fleire grupper på Allidrett, men treng at fleire foreldre engasjerer seg for at me skal få dette til.

**Fredagsbadinga** har rulla og gått med ulike restriksjonar i 2021. Antalsbegrensinga på 20 stk. i symjehallen var til tider ei lita utfordring, men det gjekk stort sett greitt. Me fortset med godt reinhald på badinga sjølv om restriksjonane nå er historie. Det er mange som nyttar seg av tilbodet og det er moro for dei som stiller opp som badevakt og sjå at det dei gjer er til glede for store og små i kommunen.

Tusen takk til alle som bidreg med arbeid av ulik slag til hallgruppa sitt arbeid!

For hallgruppa  
Gunvor Ljosland

## Årsmelding for sommergruppa 2021



**Gruppekontakt:** Kristine Forgard

**Gruppemedlemmer:** Bente Lineikro Forgard, Tonje Reiersdal, Knut Jørgen Berg

## Kva har vi gjort i 2021

### «Intervalltrening på friidrettsbanen»

ÅIL hadde for fyrste gong i historien organisert løpetrening på friidrettsbanen i Bordalen. Dette var kjempegøy! Me hadde 4 tysdager der me køyrde ulike intervallløkter. Kristine Forgard og Tonje Reiersdal bytta på å ha treningane, og det blei organisert slik at ein kunne vere med uansett form og forutsetning. Det møtte opp rundt 10-14 stk kvar gong. Veldig bra! Dette ønsker me å ha i mai\juni att.



## «Torsdagstur for deg»:



**Over:** Frå Stasvatn. Veldig populær tur. Gøy med historieforteljing frå Kari Røynlid.

Me hadde 3 torsdager i Juni og 5 i september med trivelige gåturer. Dette skal vere eit tilbud for alle- der vi går nye og gamle løyper og veger- for også å bli litt bedre kjent med Åseral kommune. Turene var også i år annonsert i FLIR sin katalog «Naturlos» -og dette medførte fleire deltakerar utanbygds frå, særlig frå den eldre garde. Tilbudet har vore populært, også i dårlig ver. Det kom mange forskjellige kvar gong, flest damer, men også nokre menn og born. Det møtte opp mellom 12-35 stykk kvar gong. Ei lita auka frå i fjor. Dei turene som er mest populære er dei «nye» turene som «ingen» har gått før. Tusen takk til alle frivillige og guider! 😊 **Neste sesong:** få ned tempoet litt. Turleiar må vere dette bevisst slik at ikkje deltagere mister motivasjon for å vere med vidare.



## 10-toppers



Åshild Åsland har for ÅIL, i samarbeid med FLIR, også i år fått laga til ei super 10-toppers samling med turmål, lik det som finnes i nabokommunen Evje. Det var 30 påmeldte i år, og 13 som fullførte alle 10 turene. Åshild Moi Aasland har gjort en stor jobb med vedlikehold; skifte av plakater på toppene, merking av stier og godt informasjonsarbeide.

## Bortelid Triatlon



Bortelid Triatlon ble for første gang arrangert i 2014 og har nå blitt en årlig sommeraktivitet på Bortelid. Vi er veldig glade for at vi også i år kunne arrangere Bortelid Triatlon:) 22 deltakere var med i strålende flott sommervær.

Vi gratulerer årets vinnere. I herreklassen kom Rolf Åsland frå ÅIL inn på den imponerende tiden 1:29:51 og i dameklassen var Solveig Granås raskest med tiden 1:46:53

Frå Åseral hadde me 3 deltagere (The Aaslands)

symjing – Ca700m

sykling –Ca 25,5 km (asfalt, grus og terreng)

løping: 7 km (asfalt og terreng)

## Nissemarsj 2021



Perfekt jolestemning med lett snødrev og minusgrader, ein superflink nisse og glade born. Det var ca 70 små og store nissar med. Tusen takk til Olav Åsland for lån av låve, bålpanne og for fin velkomst. Pølser, kakao og jolekaker på Minne etter målgang. Veldig trivelig arrangement for heile familien.

For sommargruppa, Kristine Forgard.

### **5. Rekneskap 2021**

Sjå eige ark.

### **6. Kontingent**

Kontigenten er pr 2021 slik:

Enkeltmedlemsskap 350,-

Seniormedlemsskap 150,-

Juniormedlemsskap 150,-

Familiemedlemsskap 800,-

Styret innstiller på at årskontingenten vert vidareført med same sats for 2022.



## **7. Budsjett 2022**

Innstilling frå styret:

Styret skal sjå til at driftsresultatet totalt sett i idrettslaget går i 0,- eller gir eit positivt resultat.

Det vert ikkje utarbeida enkeltbudsjett for undergruppene, men årsmøtet gir følgjande føringar i forhold til økonomi:

- Ny gruppe for treningssenter får inntil 30 000,- pr år til investering i nytt utstyr pr år.
- For alle undergrupper gjelder følgjande: Innkjøp til nødvendig utstyr/deltakaravgifter/premiar/vedlikehald på inntil kr. 5000,- kan gjerast i gruppene. Innkjøp over kr. 5000,- må avklarast på førehand med styret.

## **8. Val**